



Statens vegvesen

Notat

Til:	6 Postmottak Vegdirektoratet	Saksbehandler/telefon:	
Fra:	Samfunnsseksjonen	Runa Aaland Eggum / 57655906	
Kopi:	Grethe Vikane Iren Helene Meisterplass Olav Svangstu Sveinung Hovland	Vår dato:	28.06.2016
		Vår referanse:	15/230039-12

Førehandsvurdering av tunnelløysing på fylkesveg ved Blakset

Det er praksis at tunnelar skal godkjennast i Vegdirektoratet. Dette inneber at regionane skal be om førehandsvurdering av fråvikssøknader for fylkesvegtunnel som kan ha konsekvens for framtidig sikkerheitsgodkjenning av tunnelen.

Region vest har motteke og handsama 3 fråvikssøknader fra Vegavdeling Sogn og Fjordane i samband med forprosjekt tunnel Fv. 613 ved Blakset. Forprosjektet skal finne løysing for ein ny tunnel for å erstatta eksisterande tunnelar. Eksisterande tunnelar er bygd på 50-talet og har ein dårlig standard. Ressursavdelinga har utarbeida ei utgreiing og det er gjennomført ei risikovurdering, begge dokumenta følgjer saka. Det vert vurdert to alternative tunnelar forbi eksisterande tunnelar og rasfarelege punkt utanfor tunnelane. Det vert søkt om tre fråvik i samband med forprosjektet:

- krav til lengde på overgangssone mellom veg i dagen og veg i tunnel (sak 73/16)
- krav til maks stigning i tunnel (sak 74/16)
- krav til at horisontal kurve skal haldast konstant i 2/3 av stoppsikt utanfor og innanfor tunnelopninga (sak 75/16)

I tunnellsikkerhetsforskriftene for riksveg (2007) og fylkesveg (2015) er maksimal tilleten stigning 5 %, «med mindre ingen annen løsning er geografisk mulig». Det vert her søkt ei stigning på 6,5% ved alternativ løysing nr 1. Det er funne og dokumentert i vedlagde dokument at alternativ 1 ikkje har større risikobilete enn alternativ 2 og er å tilrå fordi tunnelen er kortare på ei lengre strekning med stigning. Såleis er det mindre risiko for at køyretøy langs den 3 km lange stigninga får problem inne i tunnelen og det er betre visuell kontakt inn til ei hending i tunnelen da tunnelen har lite kurvatur.

Fråviksgruppa har handsama søknadane og tilrådd sak 74/16 og 75/16. Sak 73/16 vart ikkje tilrådd av regionen. Fråviksmynde for desse sakene er Sogn og Fjordane fylkeskommune. Før sakene blir oversendt fylkeskommunen for formell avgjerd ber vi om ei

førehandsvurdering av om ei utforming som omtala i planen kan ha betydning for framtidig sikkerheitsgodkjenning av ein eventuell tunnel.

Med helsing
Runa Aaland Eggum

Vedlegg

«Rapport Risikovurdering Blakset – RA 001_00E», datert 2016-04-28, utarbeidd av Norconsult.

«Vurdering av alternative tunnelar.pdf» datert 1.juni 2016, utarbeidd av Statens vegvesen

Teikningane B1, B2, C1-1, C1-2 og C2-3

Fråvikssøknad 73, 74 og 75